

SAK 07/08 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL, HANDLINGSPROGRAM

Saksopplysning

I denne saka blir Hallingtinget invitert til å drøfte handlingsprogrammet til Strategisk plan for Hallingdal. Noko av tida vil bli nytta til gruppearbeid. Arbeidet vil vera noko av grunnlaget for eventuelle endringar/justeringar i sak 08/08.

Vedlagt bakgrunnsmateriale:

1. Vedlegg 1 til sak 08/08 (utkast handlingsprogram 2009 – 2010)
2. Oppsummering av gruppearbeid i Hallingtinget, sak 04/08
3. Uttale regional planstrategi, Regionrådet sak 30/08.

Ål 15.9.2008

Knut Arne Gurigard

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

SAK 07/08, VEDLEGG 2

SAK 04/08 REKRUTTERING – OPPSUMMERING GRUPPEARBEID

Korleis redusere talet på netto innanlands utflytting?

- Betre marknadsføring av det som finns
- Skapa gode relasjonar til bygda i skuletida (ungt entreprenørskap)
- Høgskuleetablering
- Desentraliserte utdanningar
- Skapa utdanningstilbod slik at ungdom ikkje må reise ut
- Legge til rette for lærlingplassar og praksisplassar, turnusordningar og utvikle fagmiljø
- Betre marknadsføring/tilrettelegging av tradisjonelle arbeidsplassar (reiseliv)
- Bygge eit betre sjølvbilete av bygda si
- Prosjektet Lys i alle glas
- Legge til rette for rimelege ungdoms/familiebustadar til leige, event. kjøp
- Kommunen tek ansvar for bygging av ungdomsbustadar

Korleis blir meir attraktiv for folk som kan tenkje seg å flytte til Hallingdal?

- Etablering av eit samarbeid for å få til marknadsføring av regionen i utlandet
- Marknadsføring av rekrutteringsdatabasen
- Legge til rette for utanlandsk arbeidskraft, men og legge til rette for at dei kan busetja seg med familie. Felles finansiering regionalt/kommune/næringsliv/bank
- Bustadar nok til overkommeleg pris
- Omdømebygging av regionen (prate positivt om vår kommune/region)
- Skapa lokale møteplassar for sosial omgang (kaféeffekten)
- Rekrutteringsmesser, spesielt retta mot ungdom via nettet
- For å sikre tilflytting av dei med høgare utdanning må me skapa arbeidsplassar som er interessante og legge til rette for bedriftsfellesskap/kontorfellesskap, slik at det er mogeleg å vera i eit fagmiljø.
- Legge til rette for at tilflyttarar som har med seg eigen arbeidsplass etablerar seg i Hallingdal
- Synleggjera gode oppvekstvilkår for ungar/ungdom, skuleverk/oppvekstmiljø
- Spela på positive verdiar:
 - o Kort reisetid til jobb, aktivitetar
 - o Gode bumiljø/oppvekstforhold
 - o Det god liv på eit småbruk
- To skal flytte. Legge til rette for/bistå ein søkjar med arbeidsplass for ektefelle
- Skapa nettverk
- Vertskap til dei som kjem til Hallingdal, kontaktpersonar

Felles for begge spørsmål

- Heilårs arbeidsplassar
- Varierte og attraktive bustadtilbod
 - o Mogelegheit for store tomter med spesielle plassering
 - o Mogelegheit for å leige bustad
 - o Rimelege bustadar m.a. til ungdom
- Samarbeide med private aktørar om bustadbygging
- Betre kommunikasjon – reisetid. Under 2 timar Gol – Oslo med tog, under 1 time frå Flå.
- Skikkeleg kollektivtilbod
- Utvikle næringsmiljø med arbeidsplassar for høgare utdanning.
- Større fagmiljø, regional fagpool
- Varierte og attraktive arbeidsplassar

SAK 07/08, VEDLEGG 2

- Rekruttering til det offentlige, samarbeid mellom kommunane om fagstillingar/fagmiljø
- Legge til rette for nye næringsverksemdar
- Må sjå over kommunegrensene
- Styrke Regionrådet. Kommunane gjev makt til Hallingtinget som prioriterar tiltak.
- Statlege arbeidsplassar til Hallingdal



UTSKRIFT AV MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 25.april 2008

Tilstade: 6 av 6 medlemmer

SAK 30/08 UTTALE REGIONAL PLANSTRATEGI, HØYRING

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ynskjer å koma med følgjande uttale til høyringsutkast til regional planstrategi for Buskerud:

1. Kommunane i Hallingdal har vedteke å vera med på ein felles energi og klimaplan for Hallingdal og Valdres. Prosjektperioden er 2 år og arbeidet er i oppstartsfasen. I forslag til tema bør dette tiltaket inn som eit eige plansamarbeid.
2. Landbruket er ein av bærebjelkane for Hallingdal. Det tradisjonelle landbruket er i sterk attendegang, der Hallingdal er ein av distriktsregionane som har størst reduksjon i tal sysselsette. Matproduksjonen er framleis rimeleg stabil, men er m.a. avhengig av at jordvernet står sterkt i arealpolitikken. Eit levande landbruk vil framleis ha mykje å seia for busettinga i distrikta og for eit levande kulturlandskap, som er eit av dei grunnleggande fundamenta for utviklinga av reiselivsnæringa.

Regionrådet for Hallingdal vil oppmode om at det blir sett i gang eit forskingsprogram om forholdet mellom det framtidige landbruket og utvikling av ei berekraftig reiselivsnæring.

3. Regionrådet støttar tiltak i forhold til rekruttering av arbeidskraft, men ber om at det blir vurdert er som ein del av tiltak i samband med ”Kommunar med nedgang i folketalet”.
4. I forhold til dei konkrete tiltak i nasjonal reiselivsstrategi og Reiselivsstrategi for Buskerud vil Regionrådet for Hallingdal foreslå at det blir etablert eit eige tema; Samarbeidsforum mellom m.a. Hallingdal, Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud, Innovasjon Norge og HiBu. Føremålet vil vera å arbeide aktivt for å følgje opp regional og nasjonal reiselivsstrategi. Dette er eit arbeid som bør starte umiddelbart.
5. Noregs Friluftshøgskole som grunnidé og konkret tiltak vil kunne vera den høgskula Hallingdal treng, både i forhold til den generelle utfordringa Hallingdal har, og ikkje minst i forhold til utviklinga av det framtidige reiselivet. Dette må koma til uttrykk som eit konkret tema.
6. Det må koma tydeleg fram kva Ringeriksbanen vil ha å seie også for Hallingdal både i forhold til fastbuande og reiselivet.
Syner m.a. til Tor Selstad sin rapport: Planstrategi og planprogram for Buskerud.
”Dette er Buskeruds viktigste reiselivsregion. For å sikre ny vekst i en reiselivsregion, er det viktigste offentlige myndigheter kan bidra med fysiske infrastrukturer. Det som er sagt om ”Ringeriksbanen” og Hønefoss, har like stor gyldighet i Hallingdal. En forkortelse av Bergensbanen mot Oslo kunne representere et løft for regionen.”

SAK 07/08, VEDLEGG 3

Det må også koma fram at ut frå både trafikktryggleik og eit miljø- og samfunnsøkonomisk perspektiv må det snarast leggjast til rette for auka godstransport med Bergensbanen, mellom Oslo – Bergen.

7. I tillegg til tema; Areal og transport Buskerudby(aksen Lier – Kongsberg) bør det vurderast eit tema som følgjer opp planen om Reiselivsnæringens transportbehov. Dette er og eit tema som er kommentert i forslag til Nasjonal Transportplan 2010 – 2019: *”Vi mangler i dag viktig kunnskap om sammenhengen mellom reiselivsnæringen og kravene til transportsystemene. Derfor er det behov for forskning om reiseliv og transport.”*
8. Fjellregionsamarbeidet bør vurderast å bli teke inn som tema.
9. I forhold til temaet ”Kommunar med nedgang i folketalet” må det utarbeidast ein interkommunal plan for Hallingdal.

Saksopplysning

Buskerud fylkeskommune har starta arbeidet med rullering av fylkesplan for Buskerud. I dette arbeidet har fylkeskommunen teke utgangspunkt i forslag til ny plan- og bygningslov, slik det m.a. er presentert i St.meld. nr. 12 (2006 – 2007), Regionale fortrinn – regional framtid.

I ny planlov er det m.a. innført ny omgrep som regionale planar, regional planstrategi og regionale planføresegner.

Ein regional planstrategi er fylkesplan i ny form. Regional planstrategi skal gjera greie for viktige utviklingstrekk, utfordringar og utviklingsmogelegheiter og ta stilling til kva tema som skal handsamast i den vidare planlegginga. Dei prioriterte tema skal innehalde oversyn over føremål, type plan, medverknad og organisering.

Den regionale planstrategien skal vedtakast av regional planmynde (fylkestinget) etter formell høyring og sendast over til Kongen for godkjenning. På grunnlag av planstrategien skal det utarbeidast planar for dei tema som er prioritert.

Fylkeskommunen har no lagt regional planstrategi for Buskerud 2009 – 2012 ut på høyring, med frist for uttale 21.mai 2008.

Regionrådet for Hallingdal kom i sak 02/08 med innspel til den regionale planstrategien, der følgjande hovudtema vart prioritert:

- Arbeidskraft og nye arbeidsplassar
- Fysisk infrastruktur og samferdsel
- Reiseliv
- Høgskule, forskning
- Landbruk
- Buskerud i eit fjellperspektiv

I saksutgreiing til fylkesutvalet var det lagt inn følgjande merknader til Regionrådet sine forslag:

Arbeidskraft vert foreslått teke inn i den regionale planstrategien. Fysisk infrastruktur og samferdsle med opprusting av veg og jernbane vert teke opp i samband med NTP.

Samarbeidsforum høyrer inn under reiseliv og vert foreslått teke inn i den regionale planstrategien. Høgskole og forskning høyrer inn under tema som vert foreslått teke inn i den

SAK 07/08, VEDLEGG 3

regionale planstrategien. Tilhøvet mellom landbruk og reiseliv kan vera høveleg som eige prosjekt. Det fylkesoverskridande fjellperspektivet er viktig for deler av Buskerud og for arbeidet i desse områda, og vert mellom anna handsama i fylkesdelplan for Hardangervidda.

I høyringsutkastet foreslår fylkesutvalet følgjande tema for vidare handsaming:

- Klima og energi
- Samferdsel med kollektivtrafikk – med
 - o Areal og transport Buskerudby (aksen Lier – Kongsberg)
 - o Drammen hamneområde
- Satsingsområde for næringsutvikling – m.a.
 - o Arbeidskraft
 - o Forsking og innovasjon
 - o Reiseliv
 - o Kultur og kulturnæring
 - o Utviklingsplan for Ringeriksregionen
- Livslang læring/læring hele livet
- Kommunar med nedgang i folketalet
- Hardangervidda
- Vassdrag/vassbruk
- Folkehelse

Planstrategien bygger på gjeldande fylkesplan, rapport frå Tor Selstad, næringsmelding og andre aktuelle utgreiingar og planar.

Vedlagt høyringsframlegg gjev ei grundigare vurdering i forhold til prioriterte tema.

Vurdering

Det blir her knytt kommentarar og forslag til tema til høyringsframlegget:

1.2.1 Klima og energi

Det blir stilt spørsmål kva me kan gjera regionalt i forhold til klima- og energispørsmåla, og korleis kan vi best løysa utfordringane i et samspel mellom fylkeskommunen, fylkesmannen, kommunane og ulike deler av næringslivet? Det er allereie eit samarbeid med Oslo og Akershus når det gjeld klima og energi.

I forslag til tema er det foreslått:

- A. *Redusera klimautslepp i Osloregionen i samsvar regjeringa sine mål i eit samarbeid med Oslo og Akershus. Utarbeida felles handlingspakke innanfor områda energi, transport og avfallshandtering.*
- B. *Utarbeide egen handlingsplan for Buskerud med tiltak.*

Plantype:

- A. *Plansamarbeid mellom Oslo kommune, Akershus og Buskerud fylkeskommunar.*
- B. *Regional delplan.*

Kommentar

Kommunane i Hallingdal har vedteke å vera med på ein felles energi og klimaplan for Hallingdal og Valdres. Prosjektperioden er 2 år og arbeidet har så vidt starta.



Energi og Klimaplan for Hallingdal og Valdres
***Den grønne region* Hallingdal og Valdres**



SAK 07/08, VEDLEGG 3

Forslag

I forslag til tema bør dette tiltaket inn som eit eige plansamarbeid.

1.2.2 Næringslivet

Det blir peikt på at reiselivet spelar ei hovudrolle i Hallingdal, men at det likevel har vore ein liten nedgang i sysselsettinga. Det trengs å få meir effekt ut av næringa når det gjeld sysselsetting og økonomi. Forholdet til reiselivet vil bli ivareteke i ny reiselivsplan for Buskerud.

Når det gjeld landbruket er det som tema nesten fråverande i høyringsforslaget.

I forslag til tema er det foreslått:

Satsingsområde for næringsutvikling – med m.a. Arbeidskraft

Formål:

Tiltak for å trekke til seg kompetent arbeidskraft i alle delar av fylket på kort og lang sikt, under dette spørsmål knytt til arbeidsinnvandring, arbeidskraftreserve og rekruttering. Arbeidskraftspørsmålet viktig for einskilde verksemder, bransjar og næringsliv og for utvikling og tilrettelegging av stader og for å skape bulyst.

Plantype:

Felles strategi- og handlingsplan. Årleg rullering.

Kommentar

I næringsanalyse for Hallingdal (Telemarksforskning 2008) er det peikt på at hotell og restaurantbransjen har hatt ei dårleg utvikling.

Talet på arbeidsplassar er redusert frå 1191 i 2000 til 989 i 2006, ein nedgang tilsvarande 17 prosent. Dette er ingen liten nedgang.

Utviklinga av reiselivsnæringa er grunnleggjande for framtidig utvikling i Hallingdal.

Hallingdal som landets største reiselivsregion og Buskerud sin viktigaste reiselivsregion har store mogelegheiter, men samstundes er det avgjerande at grunnleggjande rammevilkår er på plass:

- I tillegg til infrastruktur som samferdsel er mogelegheiter for fellesgodefinansiering avgjerande for å kunne leggje til rette for ei positiv utvikling av næringa.
Andre vesentlege tema som må prioriterast er:
- Utvikling av attraktive tettstader, med gode personretta tenester.
- Styrke næringa sin kompetanse for å møte turistane sine auka krav.
- Betre samspel og heilskapleg tenking mellom reiselivsnæringa og landbruksbaserte
- tilbod, kultur- og opplevingstilbod og anna næringsliv, på tvers av etablerte grenser
- Betre utnytting og foredling av natur- og kulturressursane i ein marknadsorientert reiselivsutvikling
- I samarbeid med Buskerud fylkeskommune må Hallingdal må ta del i regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi, med følgjande hovudmål:
 - Auka verdiskaping og lønnsemd i reiselivsnæringa
 - Levedyktige distrikt gjennom fleire heilårs arbeidsplassar innanfor reiselivsnæringa
 - Norge – eit bærekraftig reisemål

Landbruket er ein av bærebjelkane for Hallingdal. Det tradisjonelle landbruket er i sterk attendegang, der Hallingdal er ein av distriktsregionane som har sterkast attendegang både i forhold til sysselsetting og talet på bruk med aktiv drift. Eit levande landbruk vil framleis ha mykje å seia for busetting i distrikta, i tillegg er landbruket eit av dei grunnleggjande fundamenta for utviklinga av reiselivsnæringa.

SAK 07/08, VEDLEGG 3

Det er nødvendig å auke kunnskapsgrunnlaget om kva landbruket faktisk har å seie for eit berekraftig reiseliv og på den andre sida moglegheitene for eit framtidig landbruk med ei sterk reiselivsnæring. Her vil det også vera naturleg å drøfte arealbruk som t.d. næringsmessig utvikling av fjellområda, utvikling av kulturlandskapa som ein viktig ressurs, i ei næringsmessig utvikling osv. "Vern gjennom fornuftig bruk" kan vera eit godt forvaltningsprinsipp.

Arbeidskraft og nye arbeidsplassar vil vera dei viktigaste utfordringane for Hallingdal i framtida. Hallingdal har ei negativ befolkningsutvikling. Regionen utgjer i stor grad ein sjølvstendig arbeidsmarknad. Dette er ei utfordring i høve til nye arbeidsplassar og få tilflytting til regionen. Hallingdal har sjølv sett i gang ulike rekrutterings- og tilflyttingstiltak. M.a. eige tilflyttingsprosjekt basert på konseptet til Placement Utvikling og prosjektet Lys i alle glas. Utfordringane i forhold til rekruttering vil kunne vera noko ulike mellom t.d. Kongsberg og Hallingdal.

Forslag

Regionrådet for Hallingdal vil oppmode om at det blir sett i gang eit forskingsprogram om forholdet mellom det framtidige landbruket og utvikling av ei berekraftig reiselivsnæring. Regionrådet støttar tiltak i forhold til rekruttering av arbeidskraft men ber om at det blir vurdert er som ein del av tiltak i samband med "Kommunar med nedgang i folketalet".

I forhold til dei konkrete tiltak i nasjonal reiselivsstrategi og Reiselivsstrategi for Buskerud vil Regionrådet for Hallingdal foreslå at det blir etablert eit eige tema; samarbeidsforum mellom m.a. Hallingdal, Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud, Innovasjon Norge og HiBu. Føremålet vil vera å arbeide aktivt for å følgje opp regional og nasjonal reiselivsstrategi. Dette er eit arbeid som bør starte umiddelbart.

1.2.3 Utdanning og livslang læring

Kommentar

Forskning og moglegheiter for høgare utdanning i regionen, er parameter Hallingdal som region skårar nesten dårlegast på i heile landet. Dette er områder som i framtida vil kunne bli svært avgjerande og som må prioriterast.

I handlingsprogrammet til fylkesplan for Buskerud fylkeskommune (2005 – 2008) står det m.a. følgjande satsingsområde for Hallingdal:

- *Satsing på regionale utviklingssentra med sterke kompetansmiljø innan utdanning, næringsutvikling, kultur, reiseliv og landbruk. Utvikle kompetansetilbud der utdanningsinstitusjoner og næringsliv samarbeider og utnytter arbeidsplassene som læringsarena*

I vedteke handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal står det m.a.:

- *Satsing på kompetansesentra innan næringsutvikling, kultur, reiseliv, landbruk og helse.*
- *Arbeide for etablering av nasjonalt forskingssenter for reiseliv i Hallingdal*
- *Styrking av vertsskapsrollar med fokus på formidling av lokal tradisjon og kultur.*
- *Utvikling av opplæringstilbod gjennom auka samhandling mellom utdaningsinstitusjonar på høgskule og vgs. nivå og regionalt næringsliv.*

Det kan og vera god grunn til å merke seg ordlyd i regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi som vart lagt fram 18.12.2007:

"En sterkere satsing på opplevelsesnæringen vil kreve større vektlegging av utdanningstilbud som gir kunnskap og kompetanse til verter og turguider som skal tilby kvalitetstilbud innen natur- og kulturopplevelser. Regjeringen er positiv til initiativ som kan føre til at det opprettes utdanningstilbud for guider og turledere innenfor arbeidsområdene

SAK 07/08, VEDLEGG 3

naturaktiviteter, naturguiding og kulturguiding.”

Forslag

Noregs Friluftshøgskole som grunnidé og konkret tiltak vil kunne vera den høgskula Hallingdal treng, både i forhold til den generelle utfordringa Hallingdal har, og ikkje minst i forhold til utviklinga av det framtidige reiselivet. Dette må koma til uttrykk som eit konkret tiltak.

1.2.5. Kommunikasjonar

Det blir sagt at:

”Ringeriksbanen er omtalt som moglege tiltak mot slutten av neste NTP-periode om rammene vert auka med minst 20 %. Det er viktig for Hønefoss og Ringeriksregionen at ein får betre og raskare kommunikasjonar mot Oslo-området. Dette prosjektet må gjevast høgare prioritet”.

I forslag til tema er det foreslått:

Samferdsle med kollektivtrafikk – tillegg til gjeldane planarbeid

Det går føre seg ei kontinuerleg og rullerande planlegging på samferdslesektoren i Buskerud.

Av pågåande planprosessar kan nemnast;

- Nasjonal Transportplan 2010 -2019
- Fylkesvegplan
- Kollektivtrafikkplan for BTV
- Kollektivtrafikkplan for Drammensregionen
- Areal og transport Buskerudby(aksen Lier – Kongsberg)

Her kan det og vera verdt å nemne pågåande planarbeid:

- o Forvaltningsplan Rv7/Rv52
- o Reiselivsnæringens transportbehov

Kommentar

Det må koma tydeleg fram kva Ringeriksbanen vil ha å seie også for Hallingdal. Syner også her til Tor Selstad sin rapport: Planstrategi og planprogram for Buskerud.

”Dette er Buskeruds viktigste reiselivsregion. For å sikre ny vekst i en reiselivsregion, er det viktigste offentlige myndigheter kan bidra med fysiske infrastrukturer. Det som er sagt om ”Ringeriksbanen” og Hønefoss, har like stor gyldighet i Hallingdal. En forkortelse av Bergensbanen mot Oslo kunne representere et løft for regionen.”

Det bør ikkje vera tvil om at utvikling infrastruktur, både veg og bane, er grunnleggjande for vidare utvikling av Hallingdal. For at Hallingdal i framtida skal vera ein attraktiv buplass må reisetida til sentralt austlandsområde reduserast både med bil og tog.

Hallingdal som landets største reiselivsregion er heilt avhengig av kortare reisetid til dei store marknadane. I tillegg må det til ein radikal standardheving. I forhold til infrastruktur opplever Hallingdal ei sterk konkurransevriding i forhold til våre konkurrentar. Svært ofte blir transport i/til distrikta berre vurdert i forhold til lokalbefolkninga sitt transportbehov. Dette er ei forenkling og i mange samanhengar direkte feil.

Forslag

I tillegg til tema; Areal og transport Buskerudby(aksen Lier – Kongsberg) bør det vurderast eit tema som følgjer opp planen om Reiselivsnæringens transportbehov.

Dette er og eit tema som er kommentert i forslag til Nasjonal Transportplan 2010 – 2019:

SAK 07/08, VEDLEGG 3

”Vi mangler i dag viktig kunnskap om sammenhengen mellom reiselivsnæringen og kravene til transportsystemene. Derfor er det behov for forskning om reiseliv og transport.”

1.2.6 Naturgjevne tilhøve

I høringsutkastet står det:

Fjellområda er svært verdfulle som rekreasjonsområde, for villreinen og som grunnlag for utøving av næringsverksemd. Det er konfliktar mellom hyttebygging, reiseliv, rekreasjon, anna næringsverksemd og omsynet til vern og villrein. Det er satt i gang eit fylkesdelplanarbeid for Hardangervidda. Korleis vi best kan legge til rette for hyttebygging er ei anna utfordring.

Kommentar

Mykje av tilnærminga i gjeldande fylkesplan for Buskerud er basert på eit nær-Oslo perspektiv. På mange måtar vil denne strategien ha mindre å seie for øvre Buskerud. Her blir reiseliv, kultur og naturbruk peikt på som det overordna, men ikkje vurdert i eit fylkesoverskridande perspektiv. Etter Regionrådet sitt syn bør framtidige planar for Buskerud også ha med seg eit tydelegare fjellperspektiv som er fylkesoverskridande. Fylkesgrensa må heller ikkje vera eit hinder i nordre del av fylket. Argumenta for dette er fyrst og fremst at i mange samanhengar er fjellregionane naturlege alliansepartnarar, mykje av utfordringane er like og det skjer mykje samarbeid innan næringsutvikling. Mykje planlegging, forvaltning og samfunnsutvikling skjer også på tvers av geografiske grenser og forvaltningsmessige strukturar. I tillegg er Buskerud eit samansett fylke der eit tydeleg fjellperspektiv vil vera med å klargjera forskjellane. Ei slik tilnærming vil kunne bevisstgjera dei ulike utfordringane for Buskerud i mykje sterkare grad samstundes som det kan etablerast eit meir bevisst samarbeid både nordover og vestover.

Forslag

Fjellregionsamarbeidet bør vurderast å bli teke inn som tema.

1.2.8 Utvikling og samansetting av folketalet

I høringsforslaget står det:

Med bakgrunn i utvikling og framskrivingar av folketalet er det kommunar i Buskerud som truleg vil få ein nedgang i folketalet fram mot 2025. Dette har mellom anna samanheng med strukturen i folketalet, der enkelte kommunar har ein relativt sto del eldre og få barn og unge.

Buskerud har som fylke lågare del barn, unge og vaksne i yrkesaktiv alder enn landsgjennomsnittet og difor fleire eldre. Dei næraste 40 åra må vi rekne med stendig fleire personar over 67 år; både av funksjonsfriske og dei som treng meir omsorg. Vi veit og vi brukar lengre tid på skolegang og utdanning. Vi vert difor færre yrkesaktive inn i arbeidslivet.

I forslag til tema er det foreslått:

Kommunar med nedgang i folketalet

Formål:

Kva prosessar fører til negativ folketalsutvikling i desse kommunane? Utviklingstrekk og utfordringar. Erfaringsutveksling nasjonalt og internasjonalt.

Tiltak for å bøte på negativ folketalsutvikling innanfor områda; næringsutvikling, arbeidskraft og kompetanse, barn og unge, småsamfunnsutvikling, stadsutvikling, kultur, kulturlandskap og utmark, omdømme og marknadsføring.

Plantype:

SAK 07/08, VEDLEGG 3

Interkommunal plan.

Medverknad:

Kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar, einsildpersonar, forskingsinstitusjonar, verkemiddelapparat, fylkeskommunen, regionale styresmakter, sentrale styresmakter.


Organisering:

Prosjektorganisering med forprosjekt.

Tid:

Oppstart 2009.

Kommentar



Figur 1: Utvikling av folketallet i Hallingdal, fordelt på fødselsoverskot, innvandring og innanlands flytting. (Telemarksforsking 2008)

Hallingdal har hatt ei forholdsvis stabil befolkning dei siste åra, mens andre samanliknbare distriktsregionar har hatt nedgang. Ser me bak befolkningstala, ser me at noko av hovudproblemet for Hallingdal er relativt stor netto utflytting til andre regionar.

I dei sju siste åra har utflyttinga til andre delar av Norge vore stor, i gjennomsnitt har ein prosent av befolkninga flytta frå Hallingdal til andre regionar årleg, i denne perioden.

Folketalet har helde seg nokolunde stabilt på grunn av innvandring frå utlandet. Hallingdal har omtrent balanse mellom fødte og døde, og fødselsoverskotet har dermed ikkje hjulpet til ei positiv utvikling dei siste ti åra.

I eit noko lengre perspektiv kan me sjå for oss vesentleg meir alvorlege situasjonar enn det som for det meste står på dagsorden i dag. Ser me på alderssamansetjinga syner den at det blir færre yngre og stadig fleire som ikkje er yrkesaktive. I perioden 1976 – 2005 auka folketallet med 1283, men aldersgruppa 0 – 29 år hadde ein nedgang på 1033, der nedgangen var 685 frå 1996 – 2005. Når me ser på aldersamansetjinga ser me at det er fleire eldre og færre yngre enn i resten av Norge. Det er eit tydeleg underskot på menneske i alderen 18-45 år og et overskot i alderen 60-100, samanlikna med Norge.

Ei framskriving av folketallet i Hallingdal mot år 2020 vil gje ein svak vekst. Ifølge SSB si befolkningsframskriving blir det endå fleire eldre i åra framover, enn det som tidlegare er berekna. Hovudårsaka til at anslaga har auka er at det er rekna med ein betydeleg større auke av levealderen. Med dette som utgangspunkt vil trenden i alderssamansetjing halde fram.

Hallingdal er ein av regionane i Norge med minst pendling. I 2006 var netto utpendling tilsvarende 3,3 prosent av talet på sysselsette i regionen. Årsaka til dette er fyrst og fremst stor avstand til nærliggande større arbeidsmarkadar. Hallingdal har låg arbeidsmarknadsintegrasjon og er dermed avhengig av å skapa relativt mange attraktive arbeidsplassar.

SAK 07/08, VEDLEGG 3

Som for dei fleste distriktsregionar er styrka busetting og rekruttering av arbeidskraft avgjerande for ei positiv utvikling i Hallingdal.

Hovudutfordringane i dag og i mange år framover vil vera å skaffe tilstrekkeleg arbeidskraft og kompetanse til kommunane og næringslivet i Hallingdal. Denne situasjonen har allereie vorte oppfatta som problematisk og det er ingen teikn på at den vil endre seg med det fyrste.

Forslag

Det bør utarbeidast ein interkommunal plan for Hallingdal.

Rett utskrift
Ål 28.4.2008

Knut Arne Gurigard

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Sendt: Buskerud fylkeskommune
Kommunane i Hallingdal